

200702613-68
A=312

K/MCR

200802279-49
A=312

Jostedal 14.08.11

NVE- KONSESJONSAVDELINGA
POSTBOKS 5091 MAJORSTUA
0301 OSLO

FRÅSEGN I HØVE TIL STATKRAFTS SØKNADER OM KONSESJON FOR UTBYGGING AV VESTSIDEELVANE OG VIGDØLA.

Eg vil minne om at Jostedal allereie er sterkt utbygd med 21 elve- og bekkeinntak. Heile austsida er soleis turrlagt. På vestsida er to elvar allereie bygd ut, Leirdalselvi og Fonndøla. Så vidt eg kjenner til, er det ikkje sett krav om minstevassføring for nokon av inntaka. Den utbygginga som har skjedd, har ført med seg ei rekke skader og ulemper: Ulemper for landbruket, tørre brønner, redusert fiske, redusert landskapskvalitet osv.

Dersom Statkraft sine planar skulle blitt gjennomførte, ville det i alt bli 28 elve- og bekkeinntak, nesten alle sideelvane ville bli regulerte og dalen ville då bli turrlagt på begge sider. *Finst det eksempel på slik hardhendt utnytting, som Statkraft sine planar vil medføre andre stader i Noreg?* Saman med verknader av tidlegare utbygging vil dette gi ei ekstremt stor totalbelastning for heile dalen med store skadeverknader for miljøet, næringslivet og busetnaden i Jostedal, og store negative konsekvensar for nasjonale miljø- og reiselivsinteresser.

Bakgrunnen min for desse vurderingane er: Eg er fødd og oppvaksen i Jostedal og er eigar av Gnr 186, Bnr 18, og driv no deler av garden som pensjonistbonde. Eg har soleis god lokalkunnskap. Eg er utdanna frå NLH og har arbeidd med planlegging og naturressursforvaltning på kommune- og fylkesnivå og i fleire departement. I perioden 1984-2001 var eg direktør for Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) med ansvar for landsskognaksering og landsomfattande kartlegging av markslag, jordsmonn, vegetasjon og landskap, herunder landskap og reiseliv.

Konsekvensane av ny utbygging må som nemnt vurderast i samanheng med dei skader og ulemper som den tidlegare utbygginga har ført med seg. *Kort sagt har Jostedølene fått evigvarande ulemper og Statkraft har fått evigvarande fordelar.*

Nedanfor skal eg kort omtale nokre hovedgrupper av konsekvensar:

1. Jostedalselva.

Ved reguleringa av austsideelvane vart mykje av det "klare" vatnet (vatn med lite innhald av silt eller leire, det som vi i Jostedal kallar evje) borte. Jostedalselva, som vi kallar Storelva, er blitt ei stygg grå evjesuppe store delar av sommaren. Dette gir også avleiringar av evje på elvebredden langs heile vassdraget. Etter turrlegginga av austsideelvane har temperaturen i Storelva gått ned, og ved regulering av Vestsiddeelvane vil temperaturen etter alt å døme gå endå meir ned. Reguleringa av vestsiddeelvane vil difor kunne bli svært uheldig for alt liv i elva på grunn av større konsentrasjon av evje i vatnet, lågare temperatur og turrlegging av sideelvane. Dersom vestsiddeelvane skulle blitt utbygd, ville resten av sideelvane med klart

vatn blitt borte, og dette ville fått ytterst uheldige verknader, nærmast katastrofale, både for livet i elva og miljøet rundt elva.

Eg reknar med at andre vil gå grundigare inn på konsekvensane for fiske i sine fråsegner.

2. Planteproduksjon – landbruk.

Før utbygginga av austsida var det eit fint tilpassa natursystem der: når temperaturen steig, auka vassføringa i elva og dermed steig grunnvatnet som i sum ga gode vekstvilkår. Dette systemet er alt skipla, og vil bli endå meir skipla ved ny utbygging. Storparten av dei lett drivne jordbruksareala i Jostedal ligg på elvesletter (elveavsetningar) der grunnvatnet stig og søkk i takt med vassføringa i Jostedalselva. Vassmålingane som er gjennomførte på min eigedom over lang tid, etter oppdrag frå NVE, syner dette klart. Elveavsetningane (elveslettene) består av grov undergrunn med eit lag av silt/finsand på toppen. Dette gir stor hydraulisk kapasitet, men liten kapillær stigeevne og liten vasskapasitet. Grunnvatnet, dvs vassføringa i Storelva, har difor stor betydning for planteveksten. Sumverknaden av redusert vassføring, større konsentrasjon av evje og lågare temperatur i elva som følgje av eventuell ny utbygging, kan få store skadeverknader for landbruket i Jostedal som frå før er klimatisk marginalt. Dette er ikkje godt nok kartlagt i det materiale som no ligg føre. Det er difor stor risiko å innvilge konsesjon ut frå det grunnlagsmateriale som no ligg føre.

3. Sognefjorden.

I Indre Sogn er det allereie gjennomført omfattande vasskraftutbygging i Vik, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster. Reguleringsmagasina er truleg tilsaman minst 2000 millionar (2 milliardar) kubikkmeter. Før reguleringa rann dette vatnet ut hovedsakleg på sumaren, nå renn det ut i fjorden hovedsakleg på vinteren. Dette har skadeverknader for fiske og alt levande i fjorden, for isforhold og for lokalklima. Konsekvensane for Sognefjorden må vurderast nøye før det vert tilrådd nye reguleringsmagasin.

4. Jostedalsbreen – nasjonalparkar.

Noreg har eit stort ansvar for å forvalte den største isbreen på det europeiske fastlandet, og nasjonalparkane rundt breen er difor mellom dei viktigaste nasjonalparkane i landet sett i internasjonalt perspektiv. Det er ikkje nok å berre tenke på sjølve breområdet, ein må sjå samanhengen med heile landskapet omkring breen, landformer, vassdrag, vegetasjon, skog, jordbruksareal og andre kulturspor. Brelandskapet har unike kvalitetar både i nasjonal og internasjonal samanheng. Potensialet for reiseliv og friluftsliv i Jostedal og områda rundt har ikkje komme godt nok fram i konsekvensvurderingane. Ved opninga av Breheimen nasjonalpark var statsministeren, miljøvernministeren og fleire andre statsrådar på signingsferd i kommunane. Det fall då mange ”bevinga ord”. Også på den bakgrunn ville det vere ein parodi på miljøvern å verne breen, samstundes som alle elvane frå breen skulle turrleggast. Turrlagde sideelvar og ei stygg evjegrå elv midt mellom to nasjonalparkar ville også vekke oppsikt internasjonalt og ville stille norsk miljøvern i eit underleg lys.

Det er nokså avgjerande for truverdet til miljøpolitikken at miljøhensyn også vert lagt til grunn i store saker, sjølv der kraftutbyggingsinteresser er inne i bilete. Elles vil miljøpolitikken bli redusert til detaljstyring i områder der det berre går ut over bønder og andre bygdefolk.

5. Reiseliv/næringsliv

Det norske reiselivet er landskapsbasert. Landskapet er fellesnemnaren for dei natur- og kulturressurser som er basis for reiselivet. Landskapet har tredobbel funksjon i reiselivet: Landskapet er ramma rundt opplevingar av det enkelte reiselivsprodukt, landskapet er arena for aktivitetar og landskapet eller landskapselement er attraksjon i seg sjølv. Jostedalsbreen er ein av dei viktigaste eksponeringsprofilane i markedsføring av norsk reiseliv internasjonalt. Nasjonalt og regionalt er breen også svært viktig. Brelandskapet er det vi kan kalle ein primær attraksjon, dvs ein som trekker turistar til landet, regionen og Jostedal. Konsekvensane for reiseliv er på ingen måte tilfredsstillande handsama i det materialet som ligg ved konsesjonssøknaden. Eg viser difor til NIJOS-rapport 4/97 "Landskapet og reiselivsproduktet". Rapporten er utarbeidd i samarbeid mellom NIJOS, professor i landskapsarkitektur Magne Bruun og studierektor ved reiselivsstudiet ved BI Georg Kamfjord. Brelandskapet har vore og er sterkt framme i den nasjonale reiselivspolitikken. I februar 2010 var det ein stor reiselivskonferanse i Balestrand med mottoet "Fjordane under Breen – reise med sterke opplevingar". Den planlagde kraftutbygginga vil utan tvil redusere verdien av brelandskapet som primærattraksjon i reiselivet og i verste fall føre til uopprettelege skader. Verknaden er naturlegvis vanskeleg å talfeste. Tapet av arbeidsplassar og inntekter i reiselivet kan bli langt større enn det som kan kompenseras ved kraftutbygging. Både for norsk reiseliv generelt og for det regionale og lokale reiseliv er det uforvarleg å ta ein slik risiko som Statkrafts planar openbart vil medføre.

Trass i styrka kommuneøkonomi held fråflyttinga frå bygdene fram, fordi det manglar arbeidsplassar i næringslivet. Hovudutfordringa er både å oppretthalde dei arbeidsplassane som er i næringslivet og å skape nye. Reiselivet er ei bygdenæring og ei næring som veks raskt. Det er difor svært viktig å ta vare på ressursgrunnet for reiseliv og for kombinasjonen reiseliv og landbruk. Reiselivet er ei av dei viktigaste næringar for dei indre bygdene på Vestlandet. Men basisressursen, landskapet, er i ferd med å bli forringa som følge av attgroing, store kraftmaster, turrlagde elvar og andre store landskapsinngrep. I 2010 var miljøvernministeren og kommunalministeren på vitjing i Luster i samband med programmet "Naturarven som verdiskapar", der formålet er å legge til rette for auka verdiskaping i områder som er verna. Basisressursen for denne verdiskapinga må sjølvsagt vere natur- og kulturlandskapet, der brelandskapet utgjer ein viktig del. Dette programmet ville bli nokså meiningslaust dersom Statkraft skulle få konsesjon.

6. Litt om min eigedom

Min eigedom ligg på elveavsetningar, og konsekvensane av utbygging går fram av det som er sagt ovafor. I tillegg har eg alt fire liner over innmarka på eigedomen. Aust for husa på garden ei 320 kv line og ei 66 kv line. Den største lina er også godt synleg mot horisonten. Mot vest er det to mindre liner. Eg og resten av Jostedal har alt ytt vår del til kraftforsyninga i Noreg og resten av Europa. Hompedøla som fossar ut over svaberget lyser opp i landskapet. Dette er det finaste elveparti som er att i Jostedal. Mange turistar stoppar opp og fotograferer denne elva. Utbygging av Hompedøla og Kvennelvi, på toppen av dei inngrep som alt er gjort, vil føre til dramatiske endringar av landskapet. Det ville blitt ein større totalbelastning enn det er akseptabelt i eit demokratisk samfunn, der enkeltpersonar og mindre grupper også har grunnleggande rettar.

Med helsing
Kristen Øyen
6871 Jostedal